

MØTEBOK

Møtedato: 07.12.2015

Møtetid:

Kl. 13:45 – 15:30

Møtestad: Heradshuset

Saksnr.:

018/15 - 024/15

Desse medlemmene møtte:	Frå
Olav Moritsgård	Dei eldre
Maria Lundestad	Dei eldre
Hans Myklebust	Dei eldre
Olav Felde	Dei eldre
Egil Holme	Dei eldre
Arnfinn Brekke	Krf
Arnar Kvernevik	Ap

Forfall/møtte ikkje	Parti	Følgjande varamedl. møtte	Parti

Ugilde	Sak	§ i forv.lova	Følgjande varamedl. møtte

Møteleiar:	Olav Moritsgård
Frå adm. møte:	– Sekretær Beate O. Kornberg – Helse- og omsorgssjef Anita Lothe
Utlevert i møtet:	
Orientering:	Sjå sak 19/15!
Sp.mål/interpell.:	
Synfaring:	
Diverse:	Møtet var i hovudsak eit sammøte med rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Underskrifter:

Olav Moritsgård

SAKLISTE

Sak nr.	Sakstittel
018/15	Godkjenning av møtebok, innkalling og sakliste
019/15	Referat og orienteringssaker
020/15	Prosjekt-rapport kvardagsrehabilitering
021/15	Vedtak om prinsipp og kriterium for tildeling av tenester i helse- og omsorgssektoren
022/15	Seniortreff for eldre i Gloppen - orientering om arbeid i prosjektet
023/15	Vedtak om gebyr og betalingssatsar for 2016
024/15	Årsbudsjettet for 2016 - utlegging til gjennomsyn



SAKSGANG

Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr.
Eldrerådet	07.12.2015	018/15

Avgjerd av: Eldrerådet	Arkiv: 033	Arkivsaknr.:
Saksbehandlar: Jan Kåre Fure	Objekt:	15/1535-1

Godkjenning av møtebok, innkalling og sakliste

Møteboka frå eldrerådet sitt møte den 9. november i år blir lagt fram til godkjenning.

Samstundes ber leiaren i rådet om godkjenning av innkallinga og saklista til dette møtet.

LEIAR I ELDRERÅDET SI TILRÅDING:


1. Eldrerådet godkjenner møteboka frå sitt møte den 9. november 2015
2. Eldrerådet godkjenner innkallinga og saklista til møtet den 7. desember 2015.

07.12.2015 ELDRERÅDET

018/15 VEDTAK:

1. Eldrerådet godkjenner møteboka frå sitt møte den 9. november 2015
2. Eldrerådet godkjenner innkallinga og saklista til møtet den 7. desember 2015.

Vedtaket var samrøystes.



SAKSGANG

Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr.
Eldrerådet	07.12.2015	019/15

Avgjerd av: Eldrerådet Saksbehandlar: Jan Kåre Fure	Arkiv: 033 Objekt:	Arkivsaknr.: 15/1534
--	-------------------------------------	--------------------------------

Referat og orienteringssaker

Refererte skriv og meldingar:

Det er så langt ingen referatsaker.

Ordet fritt...


RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Rådmannen legg ikkje fram tilråding i saka.

07.12.2015 ELDRERÅDET

019/15 VEDTAK:

Det vart ikkje gjort vedtak i saka.



SAKSGANG		
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Helse- og omsorgsutvalet	24.11.2015	040/15
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	07.12.2015	014/15
Eldrerådet	07.12.2015	020/15

Avgjerd av: Helse- og omsorgsutvalet	Objekt:	Arkivsaknr.:
Saksbehandlar: Anita Lothe	Arkiv: 233 H01	12/1282-96

Prosjekt-rapport kvardagsrehabilitering

Vedlegg:

Dok.nr Tittel på vedlegg
258181 Rapport Kvardagsrehabilitering

Bakgrunn for saka:

Prosjektet «Innføring av kvardagsrehabilitering i Gloppen kommune» vart avslutta som planlagt 15.08.2015.

Prosjektet har vore svært vellukka. Kvardagsrehabilitering er no implementert som teneste i ordinær drift.

Vedlagt ligg prosjekt-rapport kvardagsrehabilitering.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Helse- og omsorgsutvalet tek saka til orientering.

24.11.2015 HELSE- OG OMSORGSUTVALET

040/15 VEDTAK:

Helse- og omsorgsutvalet tek saka til orientering.

Vedtaket var samrøystes.

07.12.2015 RÅDET FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

014/15 VEDTAK:

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne tar saka til orientering.


Vedtaket var samrøystes.

07.12.2015 ELDRERÅDET

020/15 VEDTAK:

Eldrerådet tar saka til orientering.

Vedtaket var samrøystes.



SAKSGANG		
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Helse- og omsorgsutvalet	24.11.2015	041/15
Eldrerådet	07.12.2015	021/15
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	07.12.2015	015/15
Kommunestyret	14.12.2015	

Avgjerd av: Kommunestyret Saksbehandlar: Anita Lothe	Objekt: Arkiv: G00	Arkivsaknr.: 15/1437-1
---	-------------------------------------	----------------------------------

Vedtak om prinsipp og kriterium for tildeling av tenester i helse- og omsorgssektoren

Vedlegg:

Dok.nr Tittel på vedlegg
259192 Prinsipp og kriterium for tildeling av tenester Gloppen kommune

Bakgrunn for saka:

Det er behov for å revidere regelverket for tildeling av pleie- og omsorgstenester fastsett av kommunestyret den 8. september 2003. Dette med bakgrunn i nytt og endra lovverk som er grunnlag for tildeling av tenester i helse- og omsorgssektoren. Den andre grunnen er at det sidan 2003 har vore organisasjonsendringar i sektoren. Saksgang, system og arbeidsfordeling i sektoren er endra.

Saksutgreiing:

Gode og forutsigbare retningslinjer, prinsipp og kriterium er viktig for best mogleg likebehandling i saksgangen kring tildeling av tenester i helse- og omsorgssektoren. Grunnleggande for tenestetildeling er sjølvstøtt individuelle vurderingar i kvar enkelt sak, men gode retningslinjer er viktig for å sikre likebehandling og tildeling i tråd med gjeldande lovverk på området.

Dokumentet som inneheld prinsipp og kriterium for tildeling av tenester i helse- og omsorgssektoren i Gloppen kommune er eit verktøy for tenestene, sakshandsamarar og vedtaksnemnd i handsaming og vurdering av melde behov og søknader og til å ta avgjerd om eventuell tenesteyting.

Dokumentet inneheld også oversikt over einingane og tenestene vi yt i helse- og omsorgssektoren i Gloppen kommune, samt inndeling i ulike omsorgsnivå slik vi tenkjer om dette i Gloppen kommune. Her finn ein også beskriving av saksgangen i forhold til klager på ulike forhold knytt til saksgang og tildeling/ avslag i forhold til omsøkte tenester. Hausten 2015 har vi også endra arbeidsdeling på sakshandsamingsfeltet og tilsett eigne sakshandsamarar i helse- og omsorgssektoren.

Økonomiske konsekvensar for kommunen:

Ingen som direkte følgjer av denne saka.

Rådmannen si vurdering:

Det er stor einigheit i sektoren om at dette er eit nødvendig og nyttig reiskap då sakshandsaming og tildeling av tenester er vorte eit meir spesialisert fagfelt. Det har i lenger tid vore eit opplevd behov for denne typen oversikt og retningslinjer.

Dokumentet som inneheld prinsipp og kriterium for tildeling av tenester i helse- og omsorgssektoren i Gloppen kommune vil vere eit offentleg dokument som kan vere med å skape forutsigbarhet også for innbyggjarane i kommunen.

Etter kommunelova kan folkevalde organ ikkje delegere oppgåver og avgjerdsrett til andre i administrasjonen enn rådmannen. I dokumentet om prinsipp og kriterium for tildeling av tenester er oppgåver og avgjerdsrett til «vedtaksnemnda» omtala. Dette er eit administrativt organ. Når kommunestyret no forhåpentlegvis godkjenner prinsippa og kriteria, ligg det sjølvstilt til grunn at det er rådmannen som er ansvarleg overfor dei folkevalde, ikkje vedtaksnemnda.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Kommunestyret i Gloppen kommune godkjenner prinsipp og kriterium for tildeling av tenester i helse- og omsorgssektoren i Gloppen kommune slik det går fram av vedlagde dokument.

Kommunestyret er innforstått med at avgjerdsretten til vedtaksnemnda formelt sett er lagt til rådmannen.

Kommunestyre opphevar samtidig regelverk for tildeling av pleie- og omsorgstenester fastsett av kommunestyret den 8. september 2003.

24.11.2015 HELSE- OG OMSORGSUTVALET

041/15 VEDTAK:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes innstilt.

07.12.2015 RÅDET FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

015/15 VEDTAK:

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne har ingen merknader i saka.


Vedtaket var samrøystes.

07.12.2015 ELDRERÅDET

021/15 VEDTAK:

Eldrerådet har ingen merknader i saka.

Vedtaket var samrøystes.



SAKSGANG		
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Eldrerådet	07.12.2015	022/15
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	07.12.2015	016/15
Helse- og omsorgsutvalet	08.12.2015	048/15

Avgjerd av: Helse- og omsorgsutvalet Saksbehandlar: Anita Lothe	Objekt: Arkiv: G00	Arkivsaknr.: 14/1873-24
--	-------------------------------------	-----------------------------------

Seniortreff for eldre i Gloppen - orientering om arbeid i prosjektet

Ingen vedlegg.

Bakgrunn for saka:

Våren 2015 søkte Gloppen kommune i lag med Frivilligsentralen, eldrerådet og pensjonistlaget om tilskot frå Helsedirektoratet frå tilskotsordninga; Aktivitet seniorar og eldre, og fekk innvilga kr 376 000.

Prosjektet fekk namnet Seniortreff. Målet var i lag med sentrale frivillige organisasjonar og enkeltpersonar å få til lokale seniortreff/møteplassar der "unge" og "gamle" eldre i fellesskap kan drive både fysisk og anna aktivitet i eit sosialt fellesskap. Dette tenker ein kan førebygge einsemd, passivitet og funksjonsfall som ein konsekvens av sosial tilbaketrekning og mangel på aktivitet og engasjement. I prosjektet ser ein for seg at målgruppa for seniortreff er både, yrkesaktive, "nypensjonistar" og eldre som bur i eigen bustad eller i omsorgsbustader. Vi tenker at "nypensjonistane" er ei gruppe med store ressursar som vil kunne vere med å drive aktivitet. Vi trur også at eit slikt engasjement vil vere positivt for den som yt frivillig innsats og vil fremme aktivitet og deltaking. Det har også kome innspel frå dei frivillige som går på å involvere vaksne yrkesaktive som kanskje er pårørande eller naboar til eldre og som har motivasjon for å gjere noko for dei som dei kjenner. Dette vil bidra til møteplassar på tvers av generasjonar.

Ein ynskjer i prosjektet å ha eit sterkt fokus på organisering for å sikre varig drift. Ei utfordring som ein er klar over er at spesielt "nypensjonistar" ofte har ein travel kvardag med mykje reising og andre aktivitetar. Mange av desse ynskjer ikkje å binde seg til faste oppdrag kvar veke. Vi veit at å delta i frivillig arbeid er i endring og vi vil tilpasse oss dette. Vi ynskjer difor å få til ei ansvarsfordeling og etablere ein modell med «turnusordning» blant denne gruppa for at dei ikkje skal bli bundne til for faste tidspunkt. Dette håpar ein skal bidra til at ein får ei organisering som er bærekraftig over tid.

Saksutgreiing:

Vi har hatt møte med frivillige lag og organisasjonar i juni og november. Det var mange frammøtte på begge møta og dei fortalde om mykje frivillig aktivitet også i forhold til denne målgruppa i Gloppen Kommune.

Det er etablert prosjektgruppe og det er laga ein startplan for arbeidet. Dette vart gjort med utgangspunkt i søknaden, og i det som kom fram i møtet med frivillige og i prosjektgruppa.

Det vart uttrykt eit ynskje om nye møteplassar i nokre bygder, medan i andre var det ynskje om å utvikle møteplassar som allereie eksisterer.

Det var tydeleg signal om at ei av årsakene til at eldre trekker seg frå sosiale møteplassar er sviktande hørsel. Det er ynskjeleg med ein gjennomgang og kartlegging av aktuelle møteplassar for målgruppa opp i mot universell tilrettelegging i forhold til hørsel. Vidare er det eit tydeleg signal om at det er nødvendig med transport til og frå sosiale møteplassar for å kunne delta. Det er behov for koordinering, rekruttering og ivaretaking av frivillige.

Prosjektgruppa bestemte at prosjektleiar skulle starte opp med fylgjande konkret arbeid i prioritert rekkefylgje:

- Prøve å etablere ei trimgruppe på Sørstranda, som kan vere eit tilbod til dei som ikkje klarar å delta i det eksisterande trimtilbodet. Det er ynskjeleg å knytte tilbodet til Brodd IL. Vi skal samtidig sjå på transport-utfordringar til den konkrete møteplassen.
- Gjennomføre ei kartlegging av tilrettelegging av lokaler i forhold til hørsel, behov, mogelegheiter og kostnader.
- Utvikling av eksisterande møteplassar i Hyen

Seniortreffa på Sørstranda

Ein møteplass som skal innehalde noko sosialt, vere ope for alle og ha eit innslag av fysisk aktivitet. Møteplassen er forankra lokalt i Brodd IL som har funne plass i Runnevang. Møteplassen er mandagar frå kl. 16.30 – kl. 18.00 og startar med ei økt med trening etter fast oppsett på 45 min, så er det sett av 45 min til kaffi og prat.

Brodd IL har ansvar for å skaffe instruktørar med hjelp frå prosjektet. Gloppen Kommune v/ Frisklivssentralen har hatt opplæring av instruktørane. Frivillegssentralen er med på å skaffe transport til og frå Runnevang. Det vart skrive ei kort omtale om treffa og vart presentert i Broddnytt som eit nytt tilbod i Brodd IL. Omtalen vart også presentert og annonsert i Firda Tidend.

Prosjektleiar og ein frå Frivillegssentralen har vore med på møteplassen i oppstarten. Deltakarane i lag med instruktørane har funne ut korleis dei vil organisere kaffien og praten.

Kartlegging av lokaler i forhold til hørsel, behov, mogelegheiter og kostnader.

Gruppa som har arbeidd med å få oversikt er: Bård Vereide - Gloppen Pensjonistlag, Ivar Halland – Hørselslaget, Hilde Olave Sætren -Gloppen Kommune sin hørselskontakt med NAV-hjelpemiddelsentral og Margot Andenes – Prosjektleiar.

Det er bra tilrettelagt i Gloppen Kommune, med mange arenaer som har fastmonterte teleslynger. Kyrkjene (ikkje gamle Gimmestad Kyrkje), Trivselshagen med kinosalen og kultursalen, Gloppen Hotell, Gloppen Museum, Mona Vekst, Kantina på Gloppen Omsorgssenter, kommunestyresalen og ein del av dei mest brukte grendahusa har teleslynger.

Alle desse arenaene vert nytta av innbyggjarar i alle aldrar, også seniorar og eldre. Men på nokre arenaer som vert spesielt nytta til møteplassar for seniorar og eldre er der ikkje teleslynge eller høgtalaranlegg. Det gjeld Reedtunet, Byrkjelotunet, Gotatunet, Løkjatunet, Fellehuset, og Gotatoppen. I tillegg har ikkje Gløppebua teleslynge og høgtalar anlegg. Frivilleg lag og organisasjonar som står for møteplassar for seniorar og eldre i desse lokalane er tydelege på at teleslynge og høgtalaranlegg er eit sterkt sakna utstyr i desse lokala.

Vi har vore i kontakt med forhandlar og fått pristilbod på fastmonterte teleslynger og høgtalaranlegg. Vi har også innhenta pristilbod for mobile teleslyngekoffertar. Ei fastmontert teleslynge er å foretrekke og kostar ca kr 20 000.

Vi har sett på moglegheit for å finansiere innkjøp av teleslynger i dei kommunale bygga: Delfinansiering av ei teleslynge med kr 15 000 av midlar i prosjektet. Det er lov å bruke kr 15 000 av tilskotet til kjøp av utstyr.

1 teleslynge kan finansierast ved å omdisponere midlar som var budsjettert til leasing av bil i sektoren, då denne ressursen ikkje vert brukt. Oppmode eigedomsavdelinga som har ansvaret for kommunale bygg om å dekke 2 teleslynger av driftsbudsjettet. Søkje legat og stiftingar om økonomisk støtte til finansiering av to teleslynger?

Økonomiske konsekvensar for kommunen:

Helse- og omsorgsutvalet har høve til å omdisponere midlar som er sett av i budsjettet for 2015 til innkjøp av ei teleslynge. Utover dette må administrasjonen oppmode eigedomsavdelinga om å ta noko av kostandene til dette. I tillegg kan administrasjonen og prosjektleiar i lag med frivillige lag og organisasjonar søkje om midlar frå legat, stiftingar, lag og organisasjonar.

Rådmannen si vurdering:

Arbeidet med prosjektet Seniortreff er eit viktig ledd i arbeidet med å møte framtidens utfordringar. Vi fekk innvilga tilskot i mai og har vurdert at prosjektet ikkje kan fullførast i 2015 pga kort tid. Det tek tid å etablere nye møteplassar. Vi har difor søkt om å få overføre midlar til 2016 slik at prosjektet kan fortsette utover våren 2016. Det er viktig å få tilrettelagt for dei med nedsett hørsel for at det ikkje skal verte eit hinder for å delta. Rådmannen ser det difor som viktig å få dette på plass.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Helse- og omsorgsutvalet vedtek å omdisponere midlar som er sett av i budsjettet for 2015 til innkjøp av ei teleslynge.

Vidare ber utvalet om at rådmannen fortset arbeidet med å finansiere teleslynger i dei andre kommunale bygga som er omtala i saka.

07.12.2015 RÅDET FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

016/15 VEDTAK:

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ber om at det blir vurdert å skaffe bordmodell for mikrofon som løysing i aktuelle kommunale møterom.


Vedtaket var samrøystes.

07.12.2015 ELDRERÅDET

022/15 VEDTAK:

Eldrerådet ber om at det blir vurdert å skaffe bordmodell for mikrofon som løysing i aktuelle kommunale møterom.

Vedtaket var samrøystes.



SAKSGANG		
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
MULTEK-utvalet	24.11.2015	021/15
Helse- og omsorgsutvalet	24.11.2015	044/15
Oppvekstutvalet	25.11.2015	033/15
Formannskapet	26.11.2015	140/15
Eldrerådet	07.12.2015	023/15
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	07.12.2015	017/15

Avgjerd av: Kommunestyret Saksbehandlar: Jan Kåre Fure	Objekt: Arkiv: 231	Arkivsaknr.: 15/139-4
---	-------------------------------------	---------------------------------

Vedtak om gebyr og betalingssatsar for 2016

Vedlegg:

Dok.nr	Tittel på vedlegg
259997	Gebyr og betalingssatsar for 2016
259990	Renovasjonsgebyr for 2016

Bakgrunn for saka:

I rådmannen sitt framlegg til årsbudsjett for 2016 er det lagt til grunn ein lønnsauke frå 2015 på om lag 3 %. Dei fleste av betalingsområda i kommunen er lønnstunge. Det betyr at utgiftsveksten i all hovudsak vil følge lønnsveksten. Dette ligg også til grunn for rådmannen sitt framlegg til gebyr og betalingssatsar.

Husleigesatsane er auka i samsvar med auken i konsumprisindeksen frå oktober 2014 til oktober 2015. Dette gje ein auke på 2,5 %.

Det er ikkje nye gebyr- og betalingsområde i 2016.

Reguleringsdato for alle endringar er 1. januar 2016.

Økonomiske konsekvensar for kommunen:

Betalingsatsane er ein viktig del av kommunen sine inntekter, og avgjerande for å halde oppe tenestene på fleire område. I tillegg er kommunen pålagt å krevje inn dekking av utgiftene på avgiftsområda (kap 2.1 i regulativet).

Rådmannen si vurdering:

Rådmannen håpar det vedlagde regulativet er oversiktleg og opplysende, og legg derfor ikkje opp til å kommentere framlegget særskilt.

Framlegget til gebyr og betalingssatsar skal leggest ut til offentleg gjennomsyn saman med resten av økonomiplanen. Tiltråding blir derfor ikkje lagt fram no. Utleggingsperioden er rekna frå 27. november til 11. desember.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Formannskapet vedtek å legge rådmannen sitt framlegg til gebyr- og betalingsssatsar for 2016 ut til gjennomsyn fram til 11. desember 2015.

24.11.2015 MULTEK-UTVALET

021/15 VEDTAK:

MULTEK-utvalet har følgjande merknader:

- Betaling for vaksne i badeanlegget bør aukast med 3 %
- Det burde vore grunngeve kvifor nokre av prisar som ikkje er auka.

Vedtaket var samrøystes.

24.11.2015 HELSE- OG OMSORGSUTVALET

044/15 VEDTAK:

Helse- og omsorgsutvalet er samd i tilrådinga.

Vedtaket var samrøystes.

25.11.2015 OPPVEKSTUTVALET

033/15 VEDTAK:

Oppvekstutvalet er samd i tilrådinga.

Vedtaket var samrøystes.

26.11.2015 FORMANNSKAPET

Framlegg frå **Arnar Kvernevik (Ap)**:

Betaling for vaksne i badeanlegget blir auka med 3 %.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Framlegg frå **Arnfinn Brekke (Krf)**:

Prisen på middag blir auka med 2 kroner. Auken er tidsavgrensa til å gjelde berre for 2016.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

140/15 VEDTAK:

Formannskapet vedtek å legge rådmannen sitt framlegg til gebyr- og betalingsattsar for 2016 ut til gjennomsyn fram til 11. desember 2015 med desse endringane:

- betaling for vaksne i badeanlegget blir auka med 3 %.
- prisen på middag blir auka med 2 kroner. Auken er tidsavgrensa til å gjelde berre for 2016.

Vedtaket var samrøystes.

07.12.2015 RÅDET FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

017/15 VEDTAK:

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ønskjer ei vurdering av auken på 2,5 % i husleige opp imot standard på husværa og kapitalkostnader.

Rådet har elles ingen merknader i saka.

Vedtaket var samrøystes.


07.12.2015 ELDRERÅDET

023/15 VEDTAK:

Eldrerådet ønskjer ei vurdering av auken på 2,5 % i husleige opp imot standard på husværa og kapitalkostnader.

Rådet har elles ingen merknader i saka.

Vedtaket var samrøystes.



SAKSGANG		
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
MULTEK-utvalet	24.11.2015	022/15
Helse- og omsorgsutvalet	24.11.2015	045/15
Oppvekstutvalet	25.11.2015	034/15
Formannskapet	26.11.2015	141/15
Eldrerådet	07.12.2015	024/15
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	07.12.2015	018/15

Avgjerd av: Kommunestyret Saksbehandlar: Jan Kåre Fure	Objekt: Arkiv: 145	Arkivsaknr.: 15/890-19
---	-------------------------------------	----------------------------------

Årsbudsjettet for 2016 - utlegging til gjennomsyn

Vedlegg:

Dok.nr	Tittel på vedlegg
258803	Rådmannen sitt framlegg til årsbudsjett for 2016 og økonomiplan fram til 2019
260059	Budsjettkutt i oppvekst 2016
260082	Budsjettkutt i helse og omsorg 2016

Frå tidlegare behandling av saka:

Bakgrunn for saka:

Rådmannen presenterte sitt framlegg til årsbudsjett for 2016 for kommunestyret den 2. november i år. Budsjettet inneheld også ein avkorta økonomiplan fram til 2019. Rådmannen legg opp til å behandle økonomiplanen i vårhalvåret.

Det er formannskapet som kjem med framlegg til kommunestyret om årsbudsjett for neste år. Som vanleg er det lagt opp til at råda og hovudutvala kjem med uttale til budsjettframlegget før formannskapet gjer vedtak om utlegging til offentleg gjennomsyn.

Saksutgreiing:

Rådmannen skriv dette i samandraget i budsjettokumentet:

Rådmannen sitt framlegg til årsbudsjett for 2016 blir lagt fram litt for tidleg, i den forstand at rådmannen skulle hatt litt betre tid på framlegget. Gloppen kommune er omtala som ein av vinnarane i statsbudsjettet for 2016. Rådmannen har likevel ikkje greidd å få til eit budsjettframlegg i reell balanse. For å balansere budsjettet er det lagt inn bruk av disposisjonsfondet med 3,8 millionar. Dette burde ha vore unngått, sjølv om storleiken på bruken av fondet er bortimot halvert i forhold til den vedtekne økonomiplanen for 2016.

Det er oppvekstsektoren som aukar «for mykje», og årsaka er meir spesialundervisning i grunnskulen og dyrare barnehagedrift – også dette på grunn av barn med spesielle behov.

Rådmannen vil arbeide vidare med årsbudsjettet for 2016 utover våren med sikte på å unngå bruk av disposisjonsfondet i revidert budsjett.

Frå og med neste år ønskjer rådmannen å legge fram økonomiplanen til sommarferien. Økonomiplanen som no blir presentert er derfor ikkje gjennomarbeidd. Investeringsbudsjettet inneheld ikkje tal etter 2016.

Framlegget til 2016-investeringar vart også noko høgt. Ei viktig årsak til dette er at rådmannen ikkje har greidd å bremse hardt nok opp i påvente av ferdigstilling av ungdomsskulen.

Samla er det lagt opp til eit investeringsprogram på over 90 millionar. 22 av desse kjem på ungdomsskulen. Ytterlegare 25 mill. av programmet er investeringar innanfor avgiftsområda, kjøp/bygging av bustader til vanskelegstilte og Husbanklån til vidare utlån. Dette er tiltak som ikkje vil belaste drifta av kommunen. Vel 65,5 mill. av budsjettet låneopptak i 2016 vil belaste drifta med renter og avdrag frå 2017.

Rådmannen legg ikkje fram konkrete framlegg til nye «skuletiltak» i denne planen. Før utbygging og opprusting av skulebygga i Hyen, på Sandane og Nordstranda blir bestemt, bør ein ny skulebruksplan utarbeidast. Rådmannen meiner oppvektsutvalet bør sette i gang dette planarbeidet med ein gong.

Gloppestasjonane

Oppfølginga av kommunestyret sitt vedtak om overføring av Gloppenstasjonane til Gloppen Energi AS blir ein del av 2016-budsjettet. Dette skal gjennomførast:

- Kommunen sitt lån til Gloppen Energi AS på 60,1 millionar skal omgjerast til aksjekapital
- Kommunen sitt tilgodehavane på ikkje-betalte renter på lånet, på om lag 17 millionar, skal omgjerast til aksjekapital
- Kommunen skal løyse ut restverdien på stasjonane til SFE Produksjon AS for om lag 27 mill. Til dette skal det takast opp eit kommunalt lån, som Gloppen Energi AS skal betale renter og avdrag på i form av utbytte til kommunen
- Kommunen skal ha tilbake aksjane i SFE som Gloppen Energi AS tok over ved etablering av selskapet, og ha utbytte på desse f.o.m. 2016.

Desse transaksjonane vil «blåse opp» investeringsbudsjettet vesentleg.

I utvalsbehandlinga vil sektorleiarane gå nærare gjennom utvala sine budsjettområde.

Budsjettframlegget inneheld ikkje vesentlege endringar i kommunale prisar og gebyr frå 2015 til 2016 utover lønns- og prisauke. Heftet med prisar og gebyr er ikkje heilt ferdig til første utvalsbehandling.

Økonomiske konsekvensar for kommunen:

Dette er ikkje eit aktuelt punkt i denne saka.

Rådmannen si vurdering:

Rådmannen sine vurderingar går fram av budsjettdokumentet.

Rådmannen kjem ikkje med tilråding i saka i fasen av budsjettarbeidet.

Vidare behandling av saka:

Budsjettsaka har vore oppe ein første runde i eldrerådet og hovudutvala, utan at vedtak er fatta, med unnatak av helse- og omsorgsutvalet som sa følgjande i sak 37/15:

Med utgangspunkt i at regjeringa seier at dei i statsbudsjettet har lagt inn midlar til styrking av kommunale tenester til rusomsorg vil helse- og omsorgsutvalet be om ei orientering om korleis rusarbeidet er organisert i kommunen, og om det er lagt inn midlar til ei slik styrking i budsjettet for 2016.

Helse- og omsorgsutvalet ber om å få presentert rekneskapan for helse- og omsorgssektoren for 2015 t.o.m. november på neste utvalsmøte.

Ved førstegongs behandling i formannskapet den 11. november vart slikt vedtak gjort (i sak 131/15):

1. Formannskapet ber rådmannen legge fram revidert forslag til budsjett 2016. Det reviderte budsjettet skal gå i balanse utan bruk av disposisjonsfond
2. Rådmannen må legge fram liste over moglege innsparingar og moglege inntektsutvidingar. Vidare ber ein om å få framlagt framskriving av rekneskapstal for inneverande år. Det vert lagt til grunn at dette vert lagt fram seinast til utvalsmøta 17./24. november
3. Rådmannen skal innan utgangen av februar 2016 legge fram sak om budsjett- og økonomiplanprosess i kommunen.

Saksutgreiing:

Rådmannen har oppdaga to mindre feilføringar i budsjettframlegget som reduserer underskotet med 120.000,-. Dette gjeld to interne utgiftspostar som ikkje har tilsvarende interne inntekter.

Det kan også forsvarast å føre deler av teknisk sjef si lønn på kommunale byggeprosjekt, sidan han m.a. er byggeleiar for Gloppen ungdomsskule. Utan å ta for hardt i, kan i alle fall 200.000,- overførast frå drifta til investeringsbudsjettet i 2016.

Desse to tiltaka reduserer den budsjetterte bruken av disposisjonsfondet frå 3.815.000 til 3.495.000.

Mottak av fleire flykningar

Med dagens flyktningsituasjon er det så godt som sikkert at Gloppen – til liks med andre kommunar – kjem til å bli oppmoda om å busette fleire flykningar til neste år. Rådmannen forskotterer denne saka og legg til grunn at vi aukar mottaket frå 100 til om lag 115 på integreringstilskot. Slikt mottak vil sjølvsagt også auke utgiftene våre, men det er ikkje urealistisk å legge inn ei nettoinntekt på om lag 1,5 millionar som følge av dette.

Legg vi dette til grunn, er utfordringa 1.995.000,-.

Kan det forsvarast å budsjettere med bruk av disposisjonsfondet?

Når rådmannen har gjort dette i sitt budsjettframlegg, er svaret på spørsmålet sjølvsagt ja. Rådmannen er likevel sjølvsagt heilt samd i at slik budsjettering bør unngåast. Når det likevel er gjort, er forklaringa på dette at 2016 i alle fall på eitt område er eit unntaksår.

I arbeidet med om finne ei ny eigar- og driftsform på kommunen sine kraftstasjonar, er det klartlagd at verdien på kommunen sine aksjar og eigedomar i kraftsektoren er rekna til om lag 250 millionar. I budsjettframlegget frå rådmannen er det berre lagt inn ei avkastning på desse verdiane på 800.000 kroner. Det er 0,32 % avkastning. Til samanlikning har kommunen i 2015 4,5 millionar i leigeinntekter frå SFE på Gloppenstasjonane og Gloppen Energi AS har fått utbetalt 2,6 millionar i utbytte frå SFE på aksjane kommunen no tar tilbake. Til saman snakkar vi altså om 7,1 millionar i 2015 som vi nesten ikkje har rekna med i 2016.

Slik kan det ikkje bli i mange år framover.

Etter gjeldande økonomiplan skal eigedomsskattetaksten på bustader og fritidseigedomar gjennomgåast i 2016 med sikte på nye takstar frå 2017. I planen er det lagt til grunn at dette skal gje kommunen om lag 5 millionar meir i årlege eigedomsskatt.

På bakgrunn av desse to tilhøva, meiner rådmannen det ikkje er uansvarleg å bruke noko av disposisjonsfondet i påvente av framtidig inntektsauke.

Framlegg til kutt for å spare disposisjonsfondet

Framlegga er sorterte sektorvis.

Formannskapet sitt ansvarsområde

På kort sikt kan desse tiltaka gjennomførast

Fjerning av tilskotet til politiske parti	70.000	Heile tilskotet
Reduksjon i dei kommunale tiltaksmidlane	200.000	Frå 1.375.000 til 1.175.000
Reduksjon av midlane til kurs og opplæring	50.000	Halve opplæringsbudsjettet
Redusert/endra annonsering	100.000	Halve annonseringsbudsjettet
Sum	420.000	

Rådmannen tilrår ingen av desse tiltaka.

På lenger sikt må kommunen, saman med dei andre eigarkommunane, arbeide for å redusere kostnadene med drift av Nordfjordnett, i alle fall med 3-400.000 for Gloppen sin del. Dette vil rådmannen sjølvsagt arbeide for uavhengig av utfordringane med å budsjettere 2016-budsjettet.

Oppvekstutvalet sitt ansvarsområde

Oppvekstsjefen har saman med sine einingsleiar hatt ein grundig gjennomgang av oppvekstbudsjettet. Lista over tiltak følgjer saka. Ved gjennomføring av alle tiltak på lista, kan oppvekstbudsjettet reduserast med om lag 3,7 millionar i 2016, noko som vil gje ein effekt i 2017 på 6,8 millionar. Av lista tilrår rådmannen berre desse to tiltaka:

Reduksjon av ei stilling ved Hyen skule og barnehage frå skuleåret 2016/2017	250.000	Effekt i 2017 vil vere 600.000
Bruk av statlege midlar til tiltaksteamet i barnevernstenesta	150.000	Ingen effekt i 2017
Sum	400.000	

Helse- og omsorgsutvalet sitt ansvarsområde

Helse- og omsorgssjefen har – til liks med oppvekssjefen – saman med sine einingsleiar hatt ein grundig gjennomgang av sitt budsjettområde. Lista over tiltak følgjer saka. Ved gjennomføring av alle tiltak på lista, *kan* helse- og omsorgsbudsjettet reduserast med om lag 800.000 i 2016. Av lista tilrår rådmannen berre dette tiltaket:

Kutte medfinansiering til overgrepsmottak	70.000	
<i>MULTEK-utvalet sitt ansvarsområde</i>		
Redusert drift på eigedomsavdelinga	200.000	På fleire postar
Redusert drift og vedlikehald på idrettsanlegg	100.000	M.a. mindre lysbruk
Kutt i kulturmidlane	100.000	Frå 430.000 til 330.000
	400.000	

Rådmannen tilrår ingen av desse tiltaka.

Rådmannen si vurdering:

Rådmannen legg til grunn at oppretting av feilføringane, overføring av lønn frå drift til byggeprosjekt og mottak av fleire flyktningar ikkje er særleg omstridd. I alle fall tilrår eg desse endringane.

Når det gjeld dei konkrete innsparingane tilrår rådmannen berre desse tiltaka:

– Reduksjon av med ei stilling ved Hyen skule og barnehage	kr	250.000
– Bruk av statlege midlar til tiltaksteamet i barnevernet	"	150.000
– Kutte medfinansiering til overgrepsmottak (Helse Førde sitt ansvar)	"	70.000
Sum	kr	470.000

Mitt framlegg blir då framleis å budsjettere med 1.525.000 i bruk av disposisjonsfondet. Rådmannen meiner dette kan forsvarast i 2016 sidan dette er eit unntaksår når det gjeld avkastning på kommunen sine kraftverdiar, og at kommunen frå 2017 vil få auka inntekter frå eigedomsskatt som følgje av ny taksering.

Disposisjonsfondet blir sjølvstøtt ikkje brukt viss det ikkje er behov for det.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Formannskapet vedtek å legge rådmannen sitt framlegg til årsbudsjett for 2016 med økonomiplan fram til 2019 ut til offentleg gjennomsyn fram til og med 11. desember 2015, med følgjande endringar og tiltak:

1. Endringar:		
– Oppretting av feilføringar	kr	120.000
– Overføring av lønnsutgifter frå drift til investeringsbudsjettet	"	200.000
– Nettoinntekt ved mottak av fleire flyktningar	"	1.500.000
Sum	kr	1.820.000
2. Innsparingar:		
– Reduksjon av med ei stilling ved Hyen skule og barnehage	kr	250.000
– Bruk av statlege midlar til tiltaksteamet i barnevernet	"	150.000
– Kutte medfinansiering til overgrepsmottak (Helse Førde sitt ansvar)	"	70.000
Sum	kr	430.000

3. Som følge av pkt 1 og 2 blir bruken av disposisjonsfondet redusert frå 3.815.000 til 1.525.000 i 2016-budsjettet.

24.11.2015 MULTEK-UTVALET

022/15 VEDTAK:

MULTEK-utvalet tilrår at det blir kutta 200.000 kroner på drifta av eigedomsavdelinga.

Vedtaket var samrøystes.

24.11.2015 HELSE- OG OMSORGSUTVALET

045/15 VEDTAK:

Helse- og omsorgsutvalet tilrår desse innsparingane/meirinntektene:

- Ta vekk ekstra middag til dei tilsette på Gotatoppen i samband med tiltaket «terapeutiske måltid», kr 62.000,-
- Auka pris på middag med 2 kroner. Auken er tidsavgrensa til å gjelde berre for 2016, kr 92.000,-
- Seie opp abonnementet på Kommunal Rapport til politikarane.

Vedtaket var samrøystes.

25.11.2015 OPPVEKSTUTVALET

Framlegg frå **Svein-Ottar Sandal (Krf)**:

Oppvekstutvalet ber om at Breim skule får tilført 0,25 stilling som styrkingstiltak. Kostnaden med dette på kr 200.000,- blir finansiert slik:

- Leirskuletilbodet blir stroke, kr 100.000,-
- Det blir ikkje gjeve tillegg for masterutdanning på stilling ved Mona barnehage, kr 100.000,-.

Framlegget vart vedteke med fire røyster.

Eit framlegg om å auke stillinga ved Breim skule utan å ta ut tilbodet om leirskule fekk ei røyst.

Framlegg frå **Bernt Reed (Sp)**:

Det blir sett av 2 mill. til oppstart av rehabilitering av Hyen skule.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

034/15 VEDTAK:

Oppvekstutvalet tilrår desse endringane i rådmannen sitt budsjettframlegg:

På drifta:

Breim skule får tilført 0,25 stilling som styrkingstiltak. Kostnaden med dette på kr 200.000,- blir finansiert slik:

- Leirskuletilbodet blir stroke, kr 100.000,-
- Det blir ikkje gjeve tillegg for masterutdanning på stilling ved Mona barnehage, kr 100.000,-.

På investeringane:

Det blir sett av 2 mill. til oppstart av rehabilitering av Hyen skule.

Vedtaket om endringar på drifta vart gjort med fire røyster. Vedtaket om endringar på investeringane var samrøystes.

26.11.2015 FORMANNSKAPET

Det vart røysta alternativt mellom

- rådmannen si tilråding, som fekk ei røyst og
- rådmannen si tilråding med hovudutvala sine endringsframlegg, som fekk åtte røyster.

141/15 VEDTAK:

Formannskapet vedtek å legge rådmannen sitt reviderte framlegg til årsbudsjett for 2016, med økonomiplanen fram til 2019, inkludert endringsframlegga frå hovudutvala ut på offentleg gjennomsyn fram til og med 11. desember 2015.

Vedtaket vart gjort mot ei røyst.

07.12.2015 RÅDET FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

018/15 VEDTAK:

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne tar formannskapet sitt budsjettframlegg til orientering. Rådet beklagar at det ikkje har fått høve til å uttale seg før budsjettet gjekk til behandling i utvala.

Vedtaket var samrøystes.

07.12.2015 ELDRERÅDET

024/15 VEDTAK:

Eldrerådet tar formannskapet sitt budsjettframlegg til orientering. Rådet beklagar at det ikkje har fått høve til å uttale seg før budsjettet gjekk til behandling i utvala.

Vedtaket var samrøystes.